



Klaus Magnus Wergeland og Monica Nævdal
Nedre Mangerbua 6
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1164 - 17/14844

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

23.05.2017

Løyve til oppføring av garasje - gbnr 137/746 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 235/17

Tiltakshavar: Klaus Magnus Wergeland og Monica Nævdal

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av dobbelgarasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 43,8 m² og bygd areal (BYA) ca. 48 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 24,6 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.03.2017 og supplert 26.04.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ved brev av 25.04.2017, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Nabovarsel til deleigar av gbnr. 137/289.
2. Plassering av garasje i forhold til byggegrensa mot privat veg.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå tiltakshavar 26.04.2017.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.04.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for «Nedre Mangerbua» frå 08.12.2015, definert til bustadbygging. Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 40% BYA.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 09.02.2017.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0,5 meter. Eigar av gnr. 137, bnr. 747 har i erklæring datert 21.02.2017 samtykka til at tiltaket kan plasserast nærare enn 4 meter frå nabogrensa.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av dobbelgarasje på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 09.02.2017 og tidlegare situasjonsplan frå 05.09.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket skal følgande ligge føre:

- Oppdatert situasjonsplan eller innmålingsdata som syner faktisk plassering av tiltaket må vera sendt kommunen.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1164.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Byggverket må ikkje takast i bruk før ferdigattest ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Klaus Magnus Wergeland og Monica Nedre Mangerbua 5911
Nævdal 6

ALVERSUND